

Jubileumsfesten i Stockholm – Viljan 70 år – 8. oktober 2011

Dette er Symras ”pinsetur” til Viljan i 2011, så vi reknar med at mange vil vere med til Stockholm denne helga. Viljan vil gjerne så snart som råd ha oversikt over kor mange som tenkjer kome, så difor ber vi alle som har planar om å reise, å fylla ut dette spørjeskjemaet. Overnattinga er ikkje på Farsta Gård, men på vandrerheim eller hotell nær festlokalet (Högalids församlingssal nær Högalidskyrkan).

Festen er 8. oktober kl 16.00 – 00.30 og kostar kr 300.

Overnatting: SFT Vandrarhem Zinkensdamm, Zinkens väg 20, Södermalm
(www.zinkensdamm.com)

Alternativ 1: Vandrerheim: I 4-sengs rom inklusive frukost 2 netter (7-9 oktober) = 720 SEK. Laken +handduk kjem i tillegg = 80 SEK.

Alternativ 2: Hotell (begrensa antal) Dobbeltrom (2 pers) inklusive frukost 2 netter = 2820 SEK. Laken/handuk er inkludert. (Det er ikkje nemnt noko om enkeltrom i brevet frå Viljan.)

Zinkendamm vil at Viljan betaler for logi på førehand. Difor må vi betale til Viljan (samla frå Symra) innan 15 august. Men dei vil rimeleg nok vite ca antal så raskt som råd.

Vi reknar med at det blir busstur, og at vi reiser fredag ettermiddag frå Oslo, og reiser tilbake frå Stockholm etter frukost søndag.

(Sjølvsagt går det an for dei som vil å ordne med overnatting privat, og også reise ”privat”. Men ein felles tur er jo litt av sjarmen.) Pris for bussen vil avhenge av kor mange som blir med.

Eg/vi vil vere med på jubileumsfest i Stockholm 8. oktober 2011. Eg/vi ordnar transport sjølv:(ja/nei) Eg/vi ordnar overnatting sjølv: (ja/nei)	
Skriv to namn dersom de overnattar saman på tomannsrom.	Overnattingsalternativ:
Namn 1:	Vandrerheim: Hotell: (ja/nei)
Namn 2:.....	Vandrerheim: Hotell: (ja/nei)
Kommentar:	

Vi vil ha svar raskt (eit par dagar) eller utfylling på øvinga onsdag 8. juni.

Helsing

Styret